



Starten går frå Stølavika

Dei 7 kjendisane som var att då **NORGES TØFFESTE KJENDIS** kom til Uskedalen 4. september i fjor fekk eit oppdrag dei tydelegvis sette stor pris på.

Dei rodde frå Stølaviko til Rosendal via Snilstveitøy i oselvar og resultatet vart god og spennande TV og god turistreklame for Kvinnherad.



Spennande ved Snilstveitøy

Kvartetten med Kjersti Grini, Cato Zahl Pedersen, Stig Kjos og Kristin Krohn Devold vann såvidt framfor trioen Liv Marit Wedvik, Harald Martin Brattbakk og Lars Barmen fordi dei tilfeldigvis var flinkare til å treffa rett vekt på programleiar Tom Stiansen. Dei sju var forresten overraskande flinke til å ro!



Kvartett undervegs

Dei som vann fekk overnatta på Avlsgarden etter å ha ete ein god middag på Baroniet medan taparane måtte finna seg i teltliv. Men også dei hadde tydelegvis eit godt opphald på baronigrunn.....Dagen etter tevla dei på noko som kan kallast offrode-rulleskeiser og skaut med pil og boge og resultatet vart at Liv Marit Wedvik vart den fjorde som måtte ta farvel med gjengen. Før hadde Tommy Steine, Marken Tveitan og Lillian Müller takka for seg.



Trio undervegs

I neste program gjer kjendisane eit kjempesprang til Kvaløya utanfor Tromsø. Det er tydeleg at det er lagt opp ei annleis og mindre tøff løype for dei nordover gjennom landet enn for dei 'ordinære' deltakarane i denne serien. Den er framleis ei positiv oppleving i jungelen av meir eller mindre tvilsamme reality-seriar.

Av Ola Matti Mathisen